

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 24.04.2008 **Tid:** 14.00-18.20

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Marion Langhelle Pedersen

I staden møtte:
Tyra Pedersen

Andre som var til stades på møtet: Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge.

Under sak: 11 og 12/08 var kommunerevisor Willy Hauge frå Noraudit og økonomisjef Nina Erdal til stades.

Leiar av teknisk eining møtte under handsaming av sak 13/08.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 25. april 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Sture Tveit, Gunnar Bruvik og Marit Aase.

UTVALET SITT KVARTER:

Ingen innspel.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Budsjett og økonomiplan er godkjent av Fylkesmannen. Skriv delt ut i møtet.
- Skriv frå Skattedirektoratet vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen. Delt ut i møtet.
- Kommunestyremøtet er flytta frå torsdag 19. til onsdag 18 juni. Kommunestyret slutta seg til dette.
- Det skal vera folkevald opplæring for kommunestyra i Fusa og Samnanger på Gjerde skule 14. mai 2008. Representant for Lucky Nærose vil fortelja om korleis dei arbeider for å få til bygdeutvikling m.m.
- Samnanger kommune har fått innvilga søknad om midlar – kr 70.000 - til eit bygdeutviklingsprosjekt gjennom eit prosjekt i Hordaland fylkeskommune/ fylkesmannen livOGLyst. Landbrukssjefen er prosjektansvarleg.

Sture Tveit har innan fristane for grunngjevne spørsmål spurt om fylgjande:

Eit av dei viktigaste arbeidsområda til dei folkevalde er å vera med å setja rammer for bruk av pengar i ein kommune. Slik det er i dag, har dei parti/grupper som ikkje har fast medlem i PØ relativt liten moglegheit til å vera med på å utarbeida budsjett og økonomiplan for kommunen. I Hardanger Folkeblad tysdag 15. april 2008 er dette teke opp. I Kvam vil dei partia som har fleirtal (Ap, SV, V og H) vurderer å utvida formannskapet i budsjettprosessen slik at alle grupperingar er representerte.

Mitt spørsmål til ordføraren er: Vil ordføraren ta noko initiativ til at ei slik ordning kan verta gjort gjeldande i Samnanger?

Ordføraren orienterte først om reglane for grunngjevne spørsmål; det skal fremjast innan 3 dagar før møtet.

Ordførar svara:

Den ordninga du etterspør har tidlegare vore diskutert og prøvd i Samnanger, om gjerne ikkje så omfattande som ein no vil vurderer i Kvam. Både H og Sp var med i budsjett- og økonomiplanarbeidet eitt år for ei tid tilbake, utan at partia hadde fast representasjon i PØ-utvalet. Sameleis vart også desse partia inviterte med inn i kommuneplanprosessen, der kvar gruppeleiar fekk leia arbeidet med kvar sitt hovudsatsingsområde i planen.

Som kjent har me i Samnanger tre sidestilte hovudutval. Store og viktige planprosessar pågår i alle utval, og delegert mynde er lagt til kvart utval, utan at alle parti til ei kvar tid er representerte i kvart slikt utval. I denne kommunestyreperioden er det t.d. eit parti som ikkje har fast plass i utval for OO, og i førre periode var det eit parti som ikkje var representert i Naturutvalet. Det er såleis ein del utfordringar knytt til at alle parti skal vera med i alle

”viktige” saker før dei kjem til kommunestyret. M.a. gjeld det respekt for framforhandla plassar i dei ulike utvala ved konstituering.

Som ordførar vil eg vurderer spørsmålet ditt og leggja det fram for PØ – utvalet i god tid før budsjettprosessen startar for 2009.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0011/08	08/00159 GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2007 DISPONERING AV OVERSKOTET
0012/08	08/00098 ÅRSMELDING 2007.
0013/08	08/00112 ETABLERING AV NÆRINGSELSESKAP
0014/08	06/00530 INNSPEL FRÅ SAMNANGER KOMMUNE OM REGIONAL HAMN
0015/08	06/00104 2. UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER. -HØYSETER OG INNERST I TRENGEREIDFJORDEN
0016/08	07/00382 VAL AV BARNAS REPRESENTANT I PLANSAKER.

0011/08

GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2007 DISPONERING AV OVERSKOTET

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2007 og revisjonsmelding slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 5.804.570,-.

Ulike tidlegare disponeringar ved vedtak knytt til forventa overskot:

Budsjett 2008 - KS-sak: 72/07	kr. 1.000.000	
Gjennomgang komm.org - KS-6/08	kr. 200.000	
Bemanningsit. PLO - PØ-sak 16/08	<u>kr. 160.000</u>	
Disponibelt overskot	kr. 4.444.570	
Maling Gjerde skule	<u>kr. 500.000</u>	
Disponibelt overskot pr. 10.04.08 på	kr. 3.944. 570	vert sett på disposisjonsfondet.

Handsaming i møte:

Tyra Pedersen sette fram følgjande tilleggsframlegg til framlegg til vedtak:"

Dei 200.000 kr. som skulane bad om i haust vert bevilga og teke frå overskotet 2007.

Bakgrunn/grunngevinging:

Før budsjettmøtet i haust bad skulane om ei bevilgning på kr. 70.000 pr. skule. Den gang lå det an til underskot og innsparingar. No har kommunen eit overskot og kan derfor bevilge denne summen. Fagforeininga har rekna ut at denne summen er nødvendig."

Det vart røysta alternativt: Framlegg til vedtak vart vedteke med 16 røyster. 5 røysta for Pedersen sitt framlegg.

Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2007 og revisjonsmelding slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 5.804.570,-.

Ulike tidlegare disponeringar ved vedtak knytt til forventa overskot:

Budsjett 2008 - KS-sak: 72/07	kr. 1.000.000	
Gjennomgang komm.org - KS-6/08	kr. 200.000	
Bemanningsit. PLO - PØ-sak 16/08	<u>kr. 160.000</u>	
Disponibelt overskot	kr. 4.444.570	
Maling Gjerde skule	<u>kr. 500.000</u>	
Disponibelt overskot pr. 10.04.08 på	kr. 3.944. 570	vert sett på disposisjonsfondet.

0012/08

ÅRSMELDING 2007.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tek Årsmelding 2007 til orientering.

Handsaming i møte:

Årsmeldinga vart godt motteken og samrøystes vedteken.

Vedtak:

Samnanger kommune tek Årsmelding 2007 til orientering.

0013/08

ETABLERING AV NÆRINGSSELSKAP

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune går inn som aksjonær i nytt næringssselskap ProSam a.s saman med Safa fabrikk a.s. og Samnanger Næringsforum. Aksjekapitalen – kr 35.000 -, og inntil kr 10.000 i etableringskostnad vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Samnanger kommune godkjenner statuttane for selskapet og framlegg til selskapsavtale med følgjande endring av vedtekter/stiftingsdokument:

1. § 5, andre avsnitt: 1.setning skal vera: Styret konstituerar seg sjølv med unntak av styreleiar som skal veljast av generalforsamlinga.
2. § 5, siste setning: utvidast til Dagleg leiar..... som gjeld den daglege drifta innanfor dei rammer som styret har fastlagt m.a i budsjett.
3. Aksjonæravtale for selskapet ProSam a.s pkt. c 3. strykes.

Samnanger kommune sitt medlem i styret vert leiar av teknisk eining Ivar Erstad med administrasjonssjef Tone Ramsli som varamedlem.

Samnanger kompetansesenter for småkraftverk vert organisert inn i ProSam a.s.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune går inn som aksjonær i nytt næringssselskap ProSam a.s saman med Safa fabrikk a.s. og Samnanger Næringsforum. Aksjekapitalen – kr 35.000 -, og inntil kr 10.000 i etableringskostnad vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Samnanger kommune godkjenner statuttane for selskapet og framlegg til selskapsavtale med følgjande endring av vedtekter/stiftingsdokument:

1. § 5, andre avsnitt: 1.setning skal vera: Styret konstituerar seg sjølv med unntak av styreleiar som skal veljast av generalforsamlinga.

2. § 5, siste setning: utvidast til Dagleg leiar..... som gjeld den daglege drifta innanfor dei rammer som styret har fastlagt m.a i budsjett.
3. Aksjonæravtale for selskapet ProSam a.s pkt. c 3. strykes.

Samnanger kommune sitt medlem i styret vert leiar av teknisk eining Ivar Erstad med administrasjonssjef Tone Ramsli som varamedlem.

Samnanger kompetansesenter for småkraftverk vert organisert inn i ProSam a.s.

0014/08

INNSPEL FRÅ SAMNANGER KOMMUNE OM REGIONAL HAMN

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune ynskjer ikkje regional hamn for Bergen i Samnangerfjorden.

Handsaming i møte:

Jon Magne Bøgevik sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune melder si interesse for regional hamn.

Skarsvågen – Liodden

Jaktahamn – Sagen

Sigmund Dyrhovden sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ynskjer ikkje regional hamn for Bergen i Samnangerfjorden.

Med Samnangerfjorden i denne samanheng er meint den geografiske størrelsen av fjorden.

Samnanger kommune tek kontakt med Fusa kommune og gjer dei kjende med Samnanger sitt syn på plasseringa av Bergen hamn.

Ordføren sette fram framlegg om prøverøysting over dei tre framlegga. Ved endeleg røysting stemmer ein over dei to framlegga som har fått flest røyster. Kommunestyret slutta seg til denne måten å røysta.

Prøverøysting: Ingen røysta for det utsendte framlegg til vedtak.

7 røysta for framlegget frå Jon Magne Bøgevik

14 røysta for framlegget frå Sigmund Dyrhovden.

Endeleg røysting

14 røysta for framlegget frå Sigmund Dyrhovden.

7 røysta for framlegget frå Jon Magne Bøgevik

Vedtak:

Samnanger kommune ynskjer ikkje regional hamn for Bergen i Samnangerfjorden.

Med Samnangerfjorden i denne samanheng er meint den geografiske størrelsen av fjorden.

Samnanger kommune tek kontakt med Fusa kommune og gjer dei kjende med Samnanger sitt syn på plasseringa av Bergen hamn.

0015/08

**UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER.
-HØYSETER OG INNERST I TRENGEREIDFJORDEN**

Framlegg til vedtak:

- Samnanger kommune går inn med inntil kr 100.000,- for å få byggja ut breiband på område i kommunen som ikkje har breibanddekking. Pengane vert å ta frå næringsfondet.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe til å jobba vidare med kartlegging , planlegging og kostnader av moglege breiband- og mobilløysingar til dei ulike grendene som er omtala i saka, og som enno ikkje har tilfredsstillande løysingar.
- Samnanger skal verta e-kommune, og målet er at Samnanger skal kunna samhandla med innbyggjarane digitalt innan 2009.

Arbeidsgruppa skal bestå av følgjande:

2 interesserte politikarar: Trude Løvskar og Inge Aasgaard

varamedlemmer:

2 frå administrasjonen (It-konsulenten og ansvarleg for heimesida – personalsjef.)

Handsaming i møte:

Framlegg på medlemmer: Inge Aasgaard og Helga Nygård

Varamedlemmer: Gunveig Loe og Vidar Rolland.

Framlegget frå PØ og framlegg til medlemmer vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- Samnanger kommune går inn med inntil kr 100.000,- for å få byggja ut breiband på område i kommunen som ikkje har breibanddekking. Pengane vert å ta frå næringsfondet.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe til å jobba vidare med kartlegging , planlegging og kostnader av moglege breiband- og mobilløysingar til dei ulike grendene som er omtala i saka, og som enno ikkje har tilfredsstillande løysingar.
- Samnanger skal verta e-kommune, og målet er at Samnanger skal kunna samhandla med innbyggjarane digitalt innan 2009.

Arbeidsgruppa skal bestå av følgjande:

2 interesserte politikarar: Helga Nygård og Inge Aasgaard

varamedlemmer: Gunnveig Loe og Vidar Rolland.

2 frå administrasjonen (It-konsulenten og ansvarleg for heimesida – personalsjef.)

0016/08

VAL AV BARNAS REPRESENTANT I PLANSAKER.

Framlegg til vedtak::

Biblioteksjef Astrid Holmefjord vert vald til barnas representant (BR) i plansaker.

Barnevernskonsulent Tom Aril Rysjedal er valt til vara for BR

Administrasjonssjefen utarbeidar retningsliner for BR.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sture Tveit sett fram følgjande tilleggsframlegg: "Biblioteksjef Astrid Holmefjord vert vald til barnas representant (BR) i plansaker og sekretær for ungdomsrådet (UR).

Det vart røysta over framlegg til vedtak og framlegget til Tveit.

17 røysta for Tveit sitt framlegg som vart vedteke.

Vedtak:

Biblioteksjef Astrid Holmefjord vert vald til barnas representant (BR) i plansaker og sekretær for ungdomsrådet (UR).

Barnevernskonsulent Tom Aril Rysjedal er valt til vara for BR

Administrasjonssjefen utarbeidar retningsliner for BR.